

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I SELJE IDRETTSLAG

Måndag 23. januar kl 19:00

26 medlemmar møtte fram.

1. Konstituering

- a. Godkjenning av innkalling

Innkalling publisert på nettsider og facebooksider 9. januar 2023

Samrøystes godkjent

- b. Val av ordstyrar

Framlegg Magne Fure, samrøystes vald

- c. Val av skrivar/referent:

Framlegg Stine Hamre, samrøystes vald

- d. Val av personar til å skrive under protokoll:

Framlegg Lena Flølo og Kristoffer Hove, samrøystes vald

2. Fleirbrukshall i Selje sentrum

Bakgrunnen for det ekstraordinære årsmøtet er at vi ønskjer å posisjonere Selje IL til å kunne delta i eit samlokalisert prosjekt dersom rehabilitering på Selje skule ikkje vert realisert.

Ved ei samlokalisering ser vi at arealet ved idrettsparken kan bli for lite til at det kan realiserast, spesielt med tanke på at Stad kommune ønskjer å setje av areal til framtidig utviding av Selje Barnehage.

Styrets framlegg til vedtak:

Dersom Stad kommune vedtek å ikkje rehabilitere bassenget på Selje skule, så må ein i fellesskap sjå på samlokalisering av symjebasseng og fleirbrukshall på Saramarka. Selje IL vil søkje samarbeid med sine støttespelarar og samarbeidspartnerar og samarbeide med Stad kommune for å bidra til å realisere begge anlegga i Selje.

Årsmøte gjev mandat til Hovudstyret til å jobbe vidare med samlokalisert fleirbrukshall og symjehall, herunder å starte eit forprosjekt.

Etter debatten blei følgande framlegg til vedtak lagt fram:


Årsmøte gjev mandat til Hovudstyret til å jobbe med samlokalisert fleirbrukshall og symjehall på Saramarka, herunder å starte eit forprosjekt.

Prosjektgruppa startar arbeidet med finansiering av forprosjekt snarast med bidrag frå næringsliv og private bidragsytarar.

Vedtak:

Årsmøtets framlegg samrøystes vedteke.

Møte slutt kl- 20:50



Stine Hamre

- referent -



Lena Flølo



Kristoffer Hove